

Ein sambygding.

Eg kom so sterkt å minnast deg
ei myrk og stormfull natt.
Det var som om du sat hjå meg.
Eg både såg og høyrde deg --.
Og no sit minni att !

Det eine minne etter hitt
stig fram for tanken klårt.
Med snögge blenk frå livet ditt -- .
Dei talar slik til hjarta mitt
at det vèrt sjukt og sårt.

Eg minnest deg som skulegut,
med mange rike pund.
Som Islands Geysir med sin sprut,
du spök og vitsar slengde ut
i kvar ei ledig stund.

Det var kje greidt å halda mål
med rappe tunga di.
Som is og jökul var ho hål .
Og sleip og ledug som ein ål -- !
For blygskap var ho fri.

Du gjorde alt til glis og lätt,
og bort i tòv og tull.
Det vart til sist so grått i grått
av lågt og sanselegt og rått -- .
Du vaks deg lik ein null !

Forvrengd til spotteflir og geip
ho vart, di andlitsbragd.
Din tale ofte rå og sleip,
som om din hug med jarn og reip
i Satans vald var lagd.

Ava kunde ikkje du fått gjort
om Gud fekk frelsa Deg?
Og löysa deg or synd og lort,
og ta den svinske hugen bort,
som sulkar ut din veg ?

Höyr, dette inkjевettaliv
det förer ikkje fram !
Om viljelaus du ligg og driv
i tull og syndigt tidsfordriv,
Du kjem so visst på skam !

Johs. M. L. Rydland.